

Kommunedelplan for naturmangfold



Planprogram –

Vedtatt i kst 13.02.2025



Volda
kommune

Innhold

1. Innleiing	3
2. Mål og rammer.....	3
3. Natur i Volda kommune	6
4. Utviklingstrekk og utfordringar.....	9
5. Organisering av arbeidet, planprosess og medverknad	11

1. Innleiing

Kommunane har ei viktig rolle i forvaltning av natur og biologisk mangfald, og styresmaktene ser behov for å auke kompetansen både administrativt, politisk og blant innbyggjarar om status for naturen i kommunane. Volda kommune har søkt og fått støtte av Miljødirektoratet til å utarbeide ein kommunedelplan for naturmangfald. Planen med tilhøyrande handlingsprogram skal ha som føremål å samle, systematisere og oppdatere kunnskapen om verdifulle naturområde og artar i kommunen, med utgangspunkt i kartbasar, utgreiingar og lokalkunnskap. At fleire får meir kunnskap og blir meir kjent med naturverdiane i Volda kommune vil vere ei anna viktig målsetting med arbeidet.

Fleire av arealstrategiane i Volda kommune sin samfunnsdel er knytta til naturverdiar. I følge planstrategien for 2024-2028 skal Volda kommune starte arbeide med kommuneplanen sin arealdel i 2026. Ein kommunedelplan for naturmangfald vil vere eit viktig kunnskapsgrunnlag for arealdelen, og nærast ein føresetnad for å kunne følgje opp arealstrategiane i samfunnsdelen. I tillegg vil den vere eit viktig hjelpemiddel som tydeleggjer dei samla verknadane av eksisterande og planlagd arealbruk.

Ein kommunedel plan for naturmangfald vil også inngå som eit viktig kunnskapsgrunnlag:

Ein har naturområde i kommunen som er verna område av nasjonal og regional verdi, men ein manglar oversikt og kartfesting av lokalt verdifulle naturområde.

Volda kommune er i gang med kartlegging av friluftslivets ferdselsårer med hovudfokus på nærtur. Dette arbeidet er også naturleg å sjå i samanheng med naturmangfald. Naturmangfaldsplanen vil i tillegg til å sjå på verdifull natur også kunne ta føre seg framande og uønskte artar, førekomst av dei og foreslå tiltak for å følgje opp desse. Naturen er viktig å ta i vare i seg sjølv, men den har også ein funksjon for å redusere effekten av klimaendringane.

Planen skal gjelde heile Volda kommune, inkludert sjøareal.

2. Mål og rammer

Internasjonale føringar

Biomangfoldkonvensjonen pålegg alle medlemsland å jobbe saman for å sikre naturmangfaldet på jorda.

Konvensjonen har som hovudmål å bevare klodens biologiske mangfald, fremme berekraftig bruk av ressursar og å dele godene av genetiske ressursar rettferdig.

Noreg var eit av dei fyrste landa som signerte avtalen, og er med det forplikta til å fylgje føremålet med konvensjonen.

FNs naturpanel skal bidra til å stoppe den menneskelege øydeleggelsen av naturen, og begynne å gjenopprette det som allereie har gått tapt. Samspelet mellom forskning og forvaltning skal styrkast gjennom å systematisere og tilgjengeleggjere kunnskap som skal hindre tap av biomangfald og økosystem.

FNs naturpanel har rangert fylgjande årsaker til tap av biologisk mangfald:

1. Endra arealbruk
2. Direkte utnytting av organismar
3. Klimaendringar
4. Forureiningar
5. Spreiing av framande, skadelege artar til nye områder.

FNs berekraftsmål er ein felles arbeidsplan for heile verden for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringar innan 2030. 3 av dei 17 måla går spesifikt på klima og natur; mål 13 handlar om å motverke klimaendringar, mål 14 og 15 handlar om å bevare naturen i vann og på land.

Nasjonale føringar

Stortingsmelding 14 (2015-2016) «Natur for livet» beskriver korleis regjeringas politikk skal bidra til å ta vare på naturmangfaldet. Eit av innsatsområda er å styrke kommunane sitt arbeid og kompetanse med naturmangfald. Det vert spesielt peika på behovet for god arealforvaltning som tar omsyn til naturmangfald.

Andre lovar og nasjonale målsettingar som vil ha føringar for arbeidet:

- | | |
|--|------------------------|
| • Grunnlova (jf. § 112) | • Naturmangfaldlova |
| • Norges klima- og miljømål | • Plan og bygningslova |
| • Vannressurslova | • Forureiningslova |
| • Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 | • Jordlova |
| | • Skoglova |
| | • Viltressurslovar |
| • Vern for vasskjelder | • Vern for vassdrag |

Regionale føringar

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2025–2028 peikar på at presset på naturressursane, urørt natur og kulturmiljø aukar, både på land og i sjø. Vi bygger ned verdifull myr og skog i fylket vårt og planlegging og bruk av areal vert ofte stykkevis og delt, lite arealeffektivt og lite gjennomtenkt. Endra arealbruk er den største trugselen, men for stor hausting, klimaendringar, forureining og spreiding av framande artar trugar og naturen. Eit av måla i fylkesplanen er at «Møre og Romsdal skal ha ei arealforvaltning på land og sjø som samordnar samfunnsinteresser og oppfyller behovet for berekraftig verdiskaping og varetaking av natur, dyrka mark og vasskvalitet".

Andre regionale føringar som vil ha føringar for arbeidet:

- Fylkesstrategi for miljø, klima og energi
- Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2022-2027

Lokale føringar

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Volda kommune 2022–2034 inneheld overordna målsettingar og strategiar for kommunen i eit langsiktig perspektiv. Eit av måla i samfunnsdelen er at vi skal ta i vare og utvikle viktige kultur-, natur-, friluft- og landbruksverdiar. Fleire av arealstrategiane i samfunnsdelen er knytt til naturverdiar:

- Vi skal sikre og utvikle viktige natur- og friluftsområde og legge til rette for tilgang til områda.
- Vi skal ta i vare verdifulle naturtypar og biologisk mangfald.
- Vi skal vere ein arealnøytral kommune. Det vil seie at for å kunne ta inn nye utbyggingsareal i kommuneplanen, må kommunen først ta ut gamle, avsette, men unytta utbyggingsareal.
- Vi skal unngå utbygging på areal med store karbonlager (myr og høgbonitet skog).

Mål for arbeidet

Måla for kommunedelplan for naturmangfald i Volda kommune er :

- Å få samle, systematisere, oppdatere og kartfeste kunnskapen om naturmangfald i kommunen i ein felles plan, som grunnlag for kommuneplanens arealdel og anna planarbeid.
- Å få auka kompetanse om status, verdien og forvaltning av naturmangfald blant både administrasjon, politikarar og innbyggjarar.

- Å identifisere og få kunnskap om område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet.
- Å identifisere manglar i kunnskapen og foreslå vidare kartlegging og tiltak som betrar tilstand, verdi og funksjon for naturmangfaldet i kommunen.
- Å etablere en forpliktande tiltaksdel for å ivareta naturmangfaldet i kommunen.

Kommunedelplan for naturmangfold vil ikkje vere juridisk bindande, men planen vil være eit viktig kunnskapsgrunnlag for kommuneplanen. Områder kommunen meiner er viktige for naturmangfaldet bør prioriterast og sikrast i juridisk bindande planer. Kommunedelplanen vil også vere eit verktøy ved sakshandsaming, planlegging og drift av naturområder.

3. Natur i Volda kommune

Volda kommune har eit areal på 877 km² som består av alpine toppar der høgste er 1777m over havet, djupe fjordar med bratte strandlinjer og delar av Europas djupaste innsjø. Innimellom dette finst det rasmark, snaufjell, skogkledde lier, djupe dalføre med vassdrag, våtmarksområde, myrar og landbruk.

Verneområde:

I Volda kommune er det omlag rundt 1,1 km² med verneområde:

Sætremyrane naturreservat: Myrområde på om lag 400 daa i Hornindal som ligg langs elva Honndøla. Verneformålet er å verne eit stort spekter av myrtypar deriblant høgmyr.

Gytle-skotet naturminne: Eit freda areal på om lag 2 daa. Ei sprekkfylling med ein mineralførekomst av minerealt kalsedon.

Kvamsetelva naturreservat: Naturreservatet strekker seg frå fjorden og opp til omlag 300meter over havet. Området som er ei søraust vendt fjordli som ligg nesten innerst i Hjørundfjorden er på om lag 600 daa. Formålet med å verne er å ta vare på det naturlege dyre- og plantelivet som den varmekjære lauvskogen har. Spesielt med tanke på førekomsten av grå or og alm.

Berkneset naturreservat: Naturreservat som omfattar ei fjordlie på Berkneset som grensar til både dyrkamark, veg og fjell. Område for reservatet er på ca 66 daa og formålet med verne er å ta vare på en av dei best utvikla svartorskoglokalitetane i Møre- og Romsdal med det naturlege plante- og dyrelivet.


Vindfarholmen naturreservat: Naturreservatet er ei lita holme utanfor Berknesstranda på omlag 50 daa. Formålet med vern er å ta vare på eit område med særskilt verdi for biologisk mangfald med tanke på det naturlege tilhøyrande plante og dyrelivet den urørte holmen og sjøområde rundt har.

Naturtypar:

I tillegg til dei fem naturvernområda og er det 15 område med utvalte naturtypar i Volda kommune:

- Honndalslia - Haraldflotmyra. Slåttemyr.
- Bjørkedalen: Helsetnakken. Olivinskog.
- Mjeltevika. Slåttemark.
- Bjørkedalen: Sandvika. Olivinskog.
- Bjørkedalen: Kjellstad. Olivinskog.
- Bjørkedalen: Daurmålsnakken. Olivinskog.
- Tømmerbakken. Slåttemark.
- Mjeltevika, ovanfor vegen. Slåttemark.
- Folkestad: Bøen. Slåttemark.
- Bjørkedalen: Hovdi. Olivinskog.
- Ullalandsfeltet. Olivinskog.
- Løsetnakken. Olivinskog.
- Bjørkedalen: Tjørnanakken. Olivinskog.
- Sandvika N. Olivinskog.
- Folkestad: Løndalen. Slåttemark.

For meir informasjon om naturvernområda og utvalte naturtypar sjå: [Naturbase, Norges verneområder, naturtyper etter miljødirektoratets instruks](#)



Figur 1. Viser Naturvernområde og utvalde naturtyper i Volda kommune

Vassdrag:

Volda kommune har to vassdrag som har ein verneplan. Hensiktene med verneplanen er å sikre heilhetlige nedbørsfelt mes ins dynamikk og variasjon frå fjell til fjord. Vernet til desse vassdraga gjeld først og fremst mor vannkraftutbygging, men skal også ta hensyn til andre inngrep.

Dei to vassdraga er :

- Stigedalselva
- Hornindalsvassdraget

For meir informasjon om vassdraga sjå: [NVE verneplan for vassdrag, Stigedalselva, Hornindalsvassdraget](#)

Marin naturmangfald:

Med eit areal på ca 122km² og maks dypde på 697 meter inneheld fjordsystemet i Volda kommune store areal som er viktige for naturmangfalde.

- | | |
|---------------|--------------------------|
| ○ Tareskog | ○ Ålegrassamfunn |
| ○ Kilespollen | ○ Gyteområder for torsk, |
| ○ Koralrev | blålange og fleir. |

For meir informasjon om marin naturmangfald sjå: [Yggdrasil](#), [Fiskeridirektoratet - Arealplaner](#)

Viktige tema:

Ved å lage ein kommunedelplan for naturmangfald ønsker kommunen å innhente meir kunnskap om områder som allereide er kjente og om det er noko vi har lite kjennskap til. Det blir også viktig å fokusere på korleis vi på ein best mogleg måte kan forvalte naturen i Volda kommune i framtida.

Nokon av tema som vil vere viktig å belyse og framheve i planen er:

- Artsmangfald både på sjø og land
- Marine områder
- Naturtypar
- Skog/hav og landbruk
- Raudelista/frammane artar
- Plante og dyrehelse
- Klima
- Arealbruk
- Vilt
- Vann og vassdrag
- Friluftsliv og folkehelse
- Naturresturering

Informasjonkilder og kunnskapsbankar for naturmangfald: [Naturbase](#), [Yggdrasil](#), [NVE Atlas](#), [Vann-Nett](#), [Gislink](#), [artsdatabanken](#)

4. Utviklingstrekk og utfordringar

Nokre av utfordringane Volda kommune står ovanfor når det gjeld å bevare natur og naturmangfaldet:

I løpet av 2017-2022 har Volda kommune bygd ned 618 daa med natur ifølge NRKs kartlegging i saka «Norge i rødt, hvitt og grått».

I Volda kommune er naturmangfaldet mellom anna truga av arealbruksendringar. Med ein vekst i befolkning og ønske om utvikling vil nye utbyggings- og infrastruktur prosjekter i framtida også bygge ned meir natur både på land og i sjøen. Nydyrking av myr legger også press på naturområde.

I 2019 blei myra på Sætremyrane restaurert og fungerer no som flaumdempar, karbonlager og det er mange artar som lever i området.

Landbruk og naturmangfald kan kome i ein interessekonflikt. Det vil vere viktig å sikre framtidig matproduksjon og jordbruksareal for framtida, og det er ynskeleg å auke jordbruksareala. Samtidig må ein ta i vare naturmangfaldet, og unngå å dyrke opp t.d. verdifulle myr- og skogsområde.

Oppdrett langs kysten, som er ei svært viktig næring, men med utfordringar som rømmingar, utslepp, støy og arealbruk kan det også vere ein svært stor trugsel mot artar og miljøet i og rundt fjordane.

Utfordringar med skogbruk er korleis det kan utviklast med hensyn til biologisk mangfald, kulturverdiar, friluftsliv og landskapet, samtidig som verdiskapninga aukast. Det er derfor viktig med godt samarbeid mellom skogbrukarane og myndigheiter.

Eit eksempel er olivinskogen i Bjørkedalen. Skogbrukarene har gjort ein god jobb med å forvalte skogen i mange år. Når den no er registrert som utvalgt naturtype får ikkje skogbrukarane lov og gjere noko utan løyve frå kommuna. I mangel på ein god handlingsplan for område og naturtypen fører det til vanskeligheiter om kordan kommuna skal gje løyve for at det skal drivast god forvaltning i skogen.

Ei av utfordringane når det kjem til nydyrkning av skog er at det er for mykje hjort i Volda kommune. Hjorten et opp nydyrka trær før dei får vokse seg store.

Volda kommune har ein streng bestandsplan for hjortevilt og generelt høge kvoter over dei fleste av valda. Målet er å få ned bestanden. Anna vilt som småvilt og rovvilt har ikkje kommunen ansvar for og det ligg derfor hjå utmarklaga i dei forskjellige områda.

Av vassdraga i kommunen som har ein bestand av sjøaure oppnår ingen av dei ein god tilstand. Landbruk og avløp er ein av dei største påverknadane til tilstanden til vassdrag. Kommunale tiltak bestemmer derfor ein vesentelg stor del av statusen for økosystema i vassdraga, tiltak knytt til kantsone har også stor betydning til vassdragets økosystem.

Klimaendringar vil ha ei stor betydning for artane i nord. Endringar i klimaet kan endre livsmiljøet til artane raskare enn tilpassingsevna deira. Kommunen må hjelpe til med å legge til rette for artane eller bremse ned på klimaendringane.

Volda kommune har utfordringar knytt til spreiding av framande artar, spesielt lupinar, parkslirekne, legepestrot og platanlønn.

Uavhengig av kva type forureining eller mengde så vil forureining ha ein negativ effekt på naturen både på land og i sjø. Ifølge raudlista er forureining den nest største årsaka til at artar er utrydningstrua i dag.



Figur 2. Kartet under viser endringa i inngrepsfrie naturområde i Volda kommune i perioda 1988–2023. Grøne område viser naturområde som er definert som inngrepsfrie naturområde. Rosa område er område som var inngrepsfrie i 1988, men som ikkje er det lenger.

5. Organisering av arbeidet, planprosess og medverknad

Planprogrammet for kommunedelplan for naturmangfald skal utarbeidast som ein tematisk kommunedelplan og skal følgje krava i plan- og bygningsloven. Det er viktig at planarbeidet er godt forankra både i kommunen sin administrative leining og med politikarane som skal vedta planen og avgjere korleis den skal brukast.

Framdriftsplan	
Varsel om oppstart / høyring planprogram	Oktober - November 2024
Merknadshandsaming	Desember 2024 – Januar 2025
Fastsetting av planprogram KST	Februar 2025
Utarbeiding av planforslag	Mars – Oktober 2025
Høyring av planforslag	November – Desember 2025
Merknadshandsaming	Januar 2026

Vedtak av plan	Februar 2026
Sluttrapport	Mars 2026

Organisering av planarbeidet:

Styringsgruppe:

Planutval v/formannskapet

Arbeidsgruppe:

- Plan og miljørådgjevar (Prosjektleder)
- Kommuneplanleggjar
- Geodata
- Avdelingsleiar

Medverknad:

Ved å sende ut planprogrammet og planen på høyring, gir vi høve til å komme med innspel til kva planen bør innehalde og dessutan korleis ein ønskjer å medverke til planen. Medverknad er viktig for å samle inn informasjon, kunnskap og gode idear, for å auke engasjementet og for å oppnå forankring. Det er derfor viktig med medverknad frå både enkeltpersonar, lag/foreiningar, organisasjonar og aktuelle styresmakter.

Kommunen ynskjer å sette saman ei referansegruppe for å involvere lokale lag og organisasjonar, som til dømes:

- | | | |
|----------------------------------|--------------------------------|--------------------------------|
| • Biologar | • Ornitologiskeforei
ningar | • Natur-
organisasjonar |
| • Friluftslivsorganis
asjonar | • Grendelag | • Jakt og fiske
foreiningar |
| • Faglag landbruk | • Skogeigar- og
utmarkslag | • Forvaltningslag |

Vi ser for oss å invitere referansegruppa til arbeidsmøte undervegs i prosessen. Det kan også være aktuelt og arrangere folkemøte for å informere om planen.

Planoppstart vil bli kunngjort på kommunen sin heimeside og i lokale aviser.